

## MØTEREFERAT

Tema:	Ny landkommune
Dato/Stad	Vestnes Frivilligsentral, 22. januar 2016, kl 08:30 til 12:30
Møteleiar:	Dag Olav Tennfjord, Ordførar i Skodje kommune
Referent:	Erlend Krumsvik, rådgjevar Sunnmøre Regionråd
Oppmøte:	Arne Sandnes, Ordførar, Norddal kommune Per Magnus Berdal, Varaordførar, Norddal kommune Viktor Valdal, Formannskapsmedlem, Norddal kommune Tor Helge Stavdal, Rådmann, Norddal kommune Randi Bergundhaugen, Varaordførar, Vestnes kommune Aud Marie Bergdal, Formannskapsmedlem, Vestnes kommune Geir Inge Lien, Ordførar, Vestnes kommune Tone Roaldsnes, Rådmann, Vestnes kommune Eva Hove, Ordførar/nestleiar, Stordal kommune Kjersti Ruset Hjelle, Varaordførar, Stordal kommune Bjørn Ove Olsen, Formannskapsmedlem, Stordal kommune Anne Berit Løset, Rådmann, Stordal kommune Lars Joranger, Kommunereformkontakt, Stordal kommune Karen Simonnes Aanes, Ordførar, Ørskog kommune Geir Peter Aure, Varaordførar, Ørskog kommune Synnøve Vasstrand Synnes, Rådmann, Ørskog kommune Dag Olav Tennfjord, Ordførar/leiar, Skodje kommune Terje Vadset, Formannskapsmedlem, Skodje kommune Bente Glomset Vikhagen, Rådmann, Skodje kommune Regine Bruteig, Kommunereformkontaktperson, Skodje kommune Erlend Krumsvik, Rådgjevar, Sunnmøre Regionråd
Forfall	Kari Grindvik, Formannskapsmedlem, Skodje kommune
Observatør	Ingvild Liadal, kommunikasjonsrådgjevar, Sunnmøre Regionråd

Geir Inge Lien, ordførar i Ørskog kommune, ønskte velkomen.

### Referat frå sist møte

Rådgjevar i Sunnmøre Regionråd, Erlend Krumsvik, gjekk gjennom referatet frå sist møte. Ingen innspel eller endringsforslag til dette.

### Nyheitsrunde frå kommunane

#### Vestnes kommune

Det har blitt gjennomført formannskapsmøte sidan siste møte, og vedtaka har blitt forankra der. Ny landkommune, og Rauma kommune, står som forslag til rettningsval i kommuna. Kommuna har blitt kontakta av Haram kommune om muligheita for å delta i dette kommunereformprosjektet vidare. Dette må forankrast i Haram kommunestyre før ein evt. ser dette som ein deltakar til. Sonderingsgruppa har blitt omgjort til Forhandlingsgruppa.

### Ørskog kommune

Formannskapet hadde møte 21. januar, og innstillinga er å gå vidare på dei to kommunereformprosjekta «Regionkommune Sunnmøre» og «Ny landkommune». Det har vore folkemøte med bruk av «Open Space metodikk», og det har blitt gitt nyttige innspel der. Signala frå Haram har også blitt diskutert, men det er per i dag uklart kva detaljar ein skal ta stilling til.

### Stordal kommune

Innstillinga til kommunestyre er at ein går vidare med «Ny landkommune», og «Regionkommune Sunnmøre», og nullalternativet. Ein oppfattar at landskapet er i bevegelse, og det har dermed vore utfordrande å samle seg om eit alternativ. Stordal kommune skal ha rådgjevande folkeavrøysing. Det har vore gjennomført folkemøte med ca. 80 fram møtte, og det har kome inn nyttige innspel frå dette møtet. Utfordringspunkta har vore oppe til diskusjon i formannskapet, og formannskapet har i hovudtrekk slutta seg til dei utfordringspunkta som har vore presentert tidlegare, men understreka nokre av punkta.

### Norddal kommune

Kommuna skal følgje «Ny landkommune vidare», og innleie forhandlingar med Stordal og Stranda. Det har ikkje blitt gitt eige fullmakt til forhandlingsutvalet per i dag. Det er innbyggerinitiativ i Norddal om kommunedeling, og det har blitt utarbeida ein rapport på dette. Konklusjonen på rapporten kom for nokre dagar sidan, og 90% av dei involverte meiner at denne delen av kommuna bør gå inn mot Stranda. Det har blitt gjennomført sonderingsmøte med Stranda kommune, men i mangel av fullmakter er det ikkje innleia forhandlingar med Stranda. Det skal opp sak til kommunestyret den 4. februar, og der kjem opp forhold som ikkje har blitt handsama tidlegare. Kommunedeling, forhold til Stranda, og korleis kommuna skal involvere/forankre innbyggjarane i prosessen.

### Skodje kommune

Det har blitt gjennomført formannsaksmøte, der innstillinga er at ein følgjer dei aktuelle kommunereformprosjekta vidare. Det er gitt rom for å trekke seg ut av eit prosjekt dersom dette er formålstenleg. Ein jobbar får å involvere heile kommunestyret, og få inn relevante innspel i høve utfordringspunkta. Det har vore gjennomført folkemøte, og det var god stemning og interessante diskusjonar.

### **Offentlegheit og openheit overfor media**

Referat og dokument har blitt sendt ut til deltakarane per i dag, og det har vore opp til kommunane sjølve å handtere dette i høve offentlegheitslova.

Openheit gir tillitt, særskilt i prosessen med kommunereforma.

Referat og dokument som sendast ut til deltakarane i Sondersgruppa skal sendast til deltakarkommunenenes postmottak.

### **Status Haram**

Formannskapet i Haram har innstilt til kommunestyret å opne for deltaking i «Ny landkommune» igjen. Det er ei oppfatning i Sondersgruppa at det er sannsynleggjort at Haram vil kome med etterkvart.

### **Overskrifter til intensjonsavtale**

Arbeidet starta med ein plensumdiskusjon basert på ein kort presentasjon av Erlend Krumsvik om føringane for utforming av intensjonsavtale. Plenumsdiskusjonen var nyttig, då ein i fellesskap startar med dei overordna føringane, og felles forståing, i kva arbeidet med intensjonsavtalen krev.

Det vart fremja forslag om å utsette arbeidet med instruks til Fellesnemnda, då ein bør sjå ann kva for kommunar som til slutt blir med inn vidare i dette kommunereformalternativet. Dette vart omforeint vedtatt av møtelyden.

Notat frå gruppearbeid:

### Gruppe 1

## Grunnriss intensjonsavtale

Hovudformål med intensjonsavtalen er å gi føringar for fellesnemnda i eit fireårsperspektiv.

### Tenesteyter

Sikre innbyggjarane lovfesta tenester som eit minimum innanfor dei rammene som økonomien gir.

Bygge vidare på basistenester som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod der folk bur.

Spesialiserte tenester kan samordnast på tvers av noverande kommunegrenser.

### Samfunnsutviklar

Bygge vidare på kvar noverande kommune si styrke i høve å naturgitte føretrinn – lage t.d. ein strategisk næringsplan.

Sentrumsutvikling i kvart hovudsentrum i noverande kommune.

Utvikle felles strategi i høve utbygging av nye samferdsels- og kollektivløyningar.

### Lokaldemokrati

Formannskapsmodell og hovudutval med gjennomgåande representasjon.

Størrelse på kommunestyre – relativt stort «overgangskommunestyre», deretter nedtrapping for tilpassing til den nye kommunestrukturen/kommunestørrelsen.

### Gruppe 2

## **Intensjonsavtale**

Gruppediskusjon; Geir Inge Lien, Stavdal, Olsen, Hove, Hjelle, Tennfjord, Løset og Valldal

## **Kva må vere med/overskrifter i intensjonsavtale:**

**Innleiande:**

- Fleire ser på 5K-avtalen som relevant, den seier noko om lokaldemokratisk modell, og er landkommunar

#### **Lokaldemokrati:**

- Stor grad av like kulturar, bygdekulturar, må vurdere i kva grad det er nødvendig med lokaldemokratiske organ som skal ha stor grad av makt og mynde lokalt
- Vurdere fagutvalg, meir enn geografisk tilnærming
- Bygge eit politisk system som bygg opp under partipolitisk system og ikkje bygdelister
- Samla har desse kommunene om lag 16.000
- Kommunestyre/formannskap i dag varierer frå 23-7, 21-7, 15-7, 17-7, 17-7
- Mange er opptatt av tal kommunestyremedlemmer for å sikre moglegheit for representasjon frå ulike lokalmiljø
- Ålesund har 49 i bystyre
- Kanskje ha eit rimeleg stort kommunestyre i starten for å trygge medvirkning, 39 representantar i ein startfase?
- Eksempel: 5K skisserare it eige hovedutvalg for kultur- og stedsutvikling – kan vere eit viktig element for mange

#### **Tenestetilbud:**

- Må seie noko om struktur tenestetilbod på eit visst nivå. Eks 5K seier noko om sjukeheimar og ivaretaking av eksisterande institusjonar
- Innbyggjarane ser på dei nære tenestene som sjukeheim, skule, barnehage
- Må synleggjere på kva måte den nye kommunen kan «ta tilbake» funksjonar som vi i dag er avhengig av store interkommunale samarbeid. Eks skatteinnkrevjing, KAD
- Synleggjere kva kan ein IKKJE kan greie på eiga hand – IT kan vere eksempel
- Skilje basistenester og spesialisttenester
- K5 (Kr.sand) definerar noko om kva som er stedsavhengige tenester: barnehage, skule, SFO og heimetenester. Dei brukar skulekrinsar som lokalmiljøutvalg
- Kommunedelsentrum skal
- K5 – avtalen pkt 7 har omtale av kva funksjonar som skal ligge i kvar av dei gamle kommunane/lokalmiljøa

### Gruppe 3

#### **Forslag til mal for intensjonsavtale**

1. Generelt- geografi og befolkning
2. Mål- overordna mål og visjon, samt mål områda kommunereforma omfattar, +kommunen som arbeidsgjevar

3. Nærmare omtale om demokratiske modell
4. Nærmare omtale om tenesteproduksjon, prinsipp for lokalisering
5. Nærmare omtale om samfunnsutvikling, kommunikasjon og næringsutvikling
6. Nærmare omtale om økonomi og framtidige satsingar

Møtet slutt 12:30 etter felles lunsj.